

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

Fordeling av tilskot til friluftaktivitet 2021 (Kap 1420 post 78)

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 2 500 000 kroner fordelt slik:

Nr	Søkjjar	Kommune/Område	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	4H Hordaland	Hordaland	4H Basecamp Hardangervidda - Juniorsprell	avslag
2	A-larm bruker og pårørende org. for åpenhet om rus og behandling	Bergen	Friluftaktiviteter i A-larm Vestland	65 000
3	Askøy orienteringslag	Askøy	Stolpejakten Askøy	30 000
4	Askøy orienteringslag	Askøy	50 år med Turorientering på Askøy	avslag
5	Austrheim Ungdomsklubb	Austrheim, Alver	Friluftaktivitet for Friskusane i Austrheim	60 000
6	Baldersheim Bygdalag	Bjørnafjorden	Prosjekt Steinavikjo	avslag
7	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Unge naturtalenter i Hordaland	100 000
8	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	Turboklubber i Hordaland	100 000
9	Bergen og Hordaland Turlag	Vestland	Friluftsskoler i Vestland	100 000
10	Bergen og Hordaland Turlag	Hordaland	DNT Tilrettelagt i Bergen og Hordaland Turlag	70 000
11	Bergens Jæger og fiskerforening	Bjørnafjorden	Raudlia felles hjortejakt	avslag
12	BOF	Hordaland	Snakkast på fjorden 2021	avslag
13	Bømlo Idrettslag	Bømlo	Lysløype IL	avslag
14	Bømlo Røde Kors	Bømlo	Ønsker redningsvester til Barnas Røde Kors Bømlo	avslag
15	Bømlo Tur og sogelag	Bømlo	Tilrettelegging av tursti Berge- Andal	avslag
16	Bømlo Turlag	Bømlo	Bømlo DNT ung	20 000
17	Eikanger Idrettslag	Alver	Eikanger kulturpark	avslag
18	Eikefjord Idrettslag	Kinn	Trimpoeng - Eikefjord IL	avslag
19	Fitjar Festivalforeining	Fitjar	Trial-sykling i Fitjar	avslag
20	Fitjar Idrettslag	Fitjar	Stolpejakta - lavterskel folkehelsestilbud	20 000
21	Fjordane Friluftsråd	Bremanger	Friluftsskule i Bremanger	10 000
22	Fjordane Friluftsråd	Stad	Friluftsskulane i Stad	75 000
23	Fjordane Friluftsråd	Kinn/ Flora	Friluftsskulane i Kinn	10 000

24	Fjordane Friluftsråd	Solund	Friluftsskulane i Ytre Sogn	55 000
25	Fjordane Friluftsråd	Stryn	Friluftsskulane i Stryn	75 000
26	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	TellTur i Sunnhordland 2021 - fylkestilskudd	50 000
27	Friluftsrådet Vest	Stord, Bømlo, Kvinnherad	Friluftslivets uke - og dag 2021	50 000
28	Friluftsrådet Vest	Etne, Vindafjord, Sveio	Friluftsskule Sunnhordland 2021	5 000
29	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Innføring i friluftsliv Sunnhordland	60 000
30	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland og Nord-Rogaland	Revisjon fiskebrosjyre på nett	avslag
31	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Basecamp Sunnhordland 2021	70 000
32	Friluftsrådet Vest	Sunnhordland	Læring i friluft Sunnhordland 2021	100 000
33	Haugen Idrettslag	Stad	Klenkarberget Sommarcamp	60 000
34	Haugesund Turistforening	Sunnhordland	Friluftsliv for alle - hele året	10 000
35	Haugesund Turistforening	Etne, Sauda, Vindafjord	Naturlosturar 2021	40 000
36	Haugesund Turistforening	Haugesund, Karmøy, Tysvær, Vindafjord, Sveio	Opptur 2021	avslag
37	Havstril Padleklubb	Austevoll	Padling for blinde og svaksynte	30 000
38	Heiarvang Grendalag	Askøy	Forbedret tilkomst og utforming Skjenstø	avslag
39	Hordaland Krins av Norges Speiderforbund	Bergen og omegn	Friluftsliv 2021	70 000
40	Hordaland Krins av Norges Speiderforbund	Hordaland	Agenda 2021 Hordaland speiderkrins	90 000
41	Idrett Bergen Sør	Bergen	UtrustetUng friluftsoptøring og friluftaktivitet	90 000
42	Jondal frivillighetssentral	Jondal	FRITT FRAM - friluftsliv for alle	50 000
43	Kalve Vel	Austevoll	Opparbeide fellesområde til fritidsaktiviteter	avslag
44	KFUK-KFUM i Sogn og Fjordane	Sunnfjord	Forprosjekt Elvesurfing i Sunnfjord Kommune	avslag
45	KFUK-KFUM i Sogn og Fjordane	Sunnfjord	Samskaping for inkluderande aktiviteter Sunnfjord	90 000
46	Leikanger Skytterlag	Leikanger	Skifelt og terrengløp med skyting	15 000
47	Luster frivillighetssentral	Luster	iNNi Luster	20 000
48	Luster Turlag	Luster	Inkluderande aktivitet i Luster Turlag	10 000
49	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Bergen	Wild West	25 000
50	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Bergen	TAM -Undervisningsprogram i fiske og friluftsliv	50 000
51	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Øygarden, Samnanger	Fiskecamp for barn og ungdom	15 000
52	Norges Jeger og Fiskerforbund Hordaland	Hordaland	Kvinneaktiviteter	avslag
53	Norges Jeger og Fiskerforbund Sogn og Fjordane	Sogn og Fjordane	Rekruttering til jakt, fiske og friluftsliv	70 000
54	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Aurland	Vandring og integrering	30 000
55	Naturvernforbundet Hordaland	Hordaland	Feire seiere	100 000
56	Osterøy Utvikling AS	Osterøy	Tilretteleggelse av fritidsfiske på Osterøy	avslag
57	Passion For Difference	Bergen	PFD organisert tur til Smøråsfjellet/ Bergen	avslag
58	Stiftinga Utladalen Naturhus	Årdal	Friluftaktiviteter for FTU Årdal	20 000
59	Sande Helselag Nasjonalforeningen for folkehelsen	Sunnfjord	Gåturgruppe i regi av Sande helselag	10 000

60	Sjøsportsenteret for funksjonshemmede	Bergen	Sjøsportaktiviteter for funksjonshemmede	avslag
61	Sogndal Turlag	Sogndal og Leikanger	Søknad om tilskot til Sogndal Turlag sin aktivitet	10 000
62	Sogn og Fjordane Røde Kors	Sogn og Fjordane	Barn og unge som humanitære ressursar	100 000
63	Sogn og Fjordane Skogselskap	Sogn og Fjordane	Familiedag med stubbekonsert i skogen	30 000
64	Sogn og Fjordane Skogselskap	Sogn og Fjordane	Skogdag på FNs internasjonale skogdag	avslag
65	Sogn og Fjordane orienteringskrins	Nordfjord, Sunnfjord og Sogn	Skulesprinten og o-trolleirar	40 000
66	Sotra og Øygarden Jeger og Fiskarforening	Øygarden	Utvikling av idrettsanlegg og ungdomsarbeid	30 000
67	Stiftelsen Crux	Bergen	Turgruppen - tilskudd til friluftaktivitet	90 000
68	Stord Rulleklubb	Stord	Aktivitetspark - Betongpark - Stord	avslag
69	Tysnes Turlag	Tysnes	Barnas Turlag Tysnes	avslag
70	Ung Bergen	Bergen	Kystmiljøpatruljen Bergen for barn og unge 2021	50 000
71	Varegg Fleridrett	Bergen	Varegg Orientering - Stolpejakt Bergen Sentrum	avslag
72	Voss Kajakklubb	Voss	Opplæring i friluftsliv med elvesport	30 000
73	WAYBACK Bergen - stiftelsen livet etter soning	Bergen	Friluftaktiviteter for straffedømte	100 000
	Totalt			2 500 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngeving av vedtaket.

Det er Miljødirektoratet som årleg løyver midlar til fylkeskommunane vidare for fordeling. Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.404, tilskot friluftaktivitet.

Samandrag

Føremål med tilskotsordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Målgruppa for ordninga er frivillige organisasjonar som er registrert i einingsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

Vestland fylkeskommune er tildelt totalt 2,5 millionar kroner frå Miljødirektoratet til vidare fordeling.

Det er ved søknadsfristen komen inn 73 søknadar, med ein samla søknadssum på kr 7 592 929.

Seksjonssjef for idrett og friluftsliv er inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Saka er difor overført frå seksjon for idrett og friluftsliv til seksjon for kunst- og kulturutvikling.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Vedlegg Tilskot til friluftaktivitet 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2021 kom det inn 73 søknadar i Vestland til tilskotsordninga, med ein total søknadssum på 7 592 929 kr. Vestland Fylkeskommune er tildelt kr 2,5 mill. til vidare fordeling frå Miljødirektoratet, og med ei tildelt ramme på berre om lag 1/3 av den totale søknadssummen er det naudsynt å gjere prioriteringar.

I fordelinga av midlar er det lagt vekt på geografisk spreing i tillegg til dei fastsette kriteria.

Dei frivillige organisasjonane bidreg til at fleire menneske får naturopplevingar, til sosial utjamning og til ein positiv utvikling i folkehelsa. Desse perspektiva ligg til grunn for tildelinga.

Tilskotsmidlane skal primært nyttast til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftaktivitet og tiltak som legg til rette for aktivitetstiltak. Dette kan til dømes vere organiserte turar, praktiske kurs, friluftslivar eller enkelt utstyr som medverkar til å auke friluftaktivitetane, som til dømes fiskestenger og kompass. Det kan ikkje gis tilskot til utstyrsbankar eller lag og foreningar som vil supplere sitt utstyrslager.

Klima- og miljødepartementet sine føringar ligg til grunn for vurderingane. Fylkesdirektøren har vurdert søknadane i samråd med ordninga *Tilskot til viltformål* og dei fylkeskommunale tilskotsordningane *Lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge* og *Tilskot til inkludering og mangfald*.

Dei fylkeskommunale tilskota kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil kr 300,- per time) Det vert ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift.

Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Generelt:	
Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.	
Tildelt frå Miljødirektoratet til vidare fordeling i 2021:	Kr 2 500 000
Søknadsfrist 2021:	01.02.2021
Vedtak kriteria:	Rundskriv T-1/20
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon
Tal på søknadar:	73
Tal på søknadar innstilt til støtte:	49
Samla søknadssum:	7 592 929

Vurderingar og verknader

Absolutte kriteria:

- Søknadsfristen var 01.februar 2021
- Det er frivillige organisasjonar som er registrert i enhetsregisteret og interkommunale friluftsråd som kan søke på denne ordninga.
- Prosjekta vert støtta med tilskot frå 10 000 kr til 100 000 kr.

Desse tiltaka skal prioriterast i tildelinga:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomført i nærmiljøet, med særleg vekt på byar og tettstader.

- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.
- Tiltak retta mot personar som er lite fysisk aktive.
- Tiltak retta mot barn, unge og barnefamiliar.
- Tiltak retta mot personar med nedsett funksjonsevne.

Tiltak som har fått tilskot i tre år eller meir vil ikkje bli prioritert.

Økonomi:

Det er Miljødirektoratet som løyver midlar til fylkeskommunane vidare for fordeling. Løyvingane vert dekt innanfor Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2021 frå post 460.404, tilskot friluftaktivitet.

Klima:

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk. Dei fleste tiltaka bidreg til å skape auka bevisstgjerjing rundt natur, klima og miljø.

Folkehelse:

Fysisk aktivitet påverkar folkehelsa positivt. Friluftslivet opplevast som ein god kjelde til aktivitet i mange alders- og befolkningsgrupper, og lågterskel aktivitet i naturen er difor eit unikt verkemiddel for å fremje fysisk aktivitet i befolkninga. Ei fersk undersøking gjort på vegne av Norsk Friluftsliv syner at naturen har blitt ein viktig sosial møteplass under pandemien, og at den norske turkulturen har blitt ein nøkkel til livskvalitet for svært mange det siste året. Dette underbygger og at denne ordninga er spesielt viktig for barn, unge og andre som treng tilrettelegging for å delta i friluftslivet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tildelinga er i tråd med dei to gjeldande regionale planar på området: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1.

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2.

Mange av tiltaka har fokus på kvardagsaktivitetar i nærmiljøet. Dei er med på å utjamne sosiale skile, auke livskvalitet for folk i Vestland og bidra til inkludering og integrering, og byggjer såleis opp under desse måla.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at tildelte midlar til friluftaktivitet vert fordelt slik det går fram av tabellen i forslag til vedtak.